

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2023/986-1

**Saksbehandlar**

Peder Sjo Slettebø

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2023/36	Kommunestyret	23.03.2023

## Høring konsesjonssøknader - Onarheim transformatorstasjon (Statnett) og Øyra transformatorstasjon (Fagne AS)

### Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Kvinnherad kommune er positiv til etableringa av nye transformatorstasjonar på Husnes, og vil understreka viktigeita av betre forsyningstryggleik og tilrettelegging for auka framtidig straumforbruk i regionen
2. Kvinnherad kommunestyre er nøgd med tilpassingane Statnett har gjort i løpet av prosessen med omsyn til plassering av ny transformatorstasjon, samt linjeføring mot Børtveit på vestsida av Hydro Husnes
3. Kommunestyret ber om at Statnett vurderer sjøkabel på den delen av linja mot Børtveit som kryssar sundet ved innseglinga til Husnes båthamn (Forholmen–Bogneshalvøya)
4. Kommunestyret oppmodar Statnett om å leggja stor vekt på å få frivillige avtalar med aktuelle grunneigarar
5. Kvinnherad kommune har ingen merknader til Fagne AS sin konsesjonssøknad for Øyra transformatorstasjon

### Kommunestyret si behandling i møte den 23.03.2023:

#### BEHANDLING:

Nytt framsett forslag frå AP.

Forslag til erstatning av pkt. 3:

Kvinnherad kommunestyre oppmodar Statnett til å leggja om linjetraséen som i dag går frå Forholmen og til Hågarnsneset på Bogneshalvøya. Føretrekt linjetrasé er som sjøkabel frå Forholmen og rundt Bogneshalvøya.

#### RØYSTING:

Pkt. 1 og 2 - samrøystes

Nytt pkt. 3 - samrøystes

Pkt 4 og 5 - samrøystes

**VEDTAK:**

**1. Kvinnherad kommune er positiv til etableringa av nye transformatorstasjonar på Husnes, og vil understreka viktigheita av betre forsyningstryggleik og tilrettelegging for auka framtidig straumforbruk i regionen**

**2. Kvinnherad kommunestyre er nøgd med tilpassingane Statnett har gjort i løpet av prosessen med omsyn til plassering av ny transformatorstasjon, samt linjeføring mot Børtveit på vestsida av Hydro Husnes**

**3. Kvinnherad kommunestyre oppmodar Statnett til å leggja om linjetraséen som i dag går frå Forholmen og til Hågarmsneset på Bogsneshalvøya. Førretrekt linjetrasé er som sjøkabel frå Forholmen og rundt Bogsneshalvøya.**

**4. Kommunestyret oppmodar Statnett om å leggja stor vekt på å få frivillige avtalar med aktuelle grunneigarar**

**5. Kvinnherad kommune har ingen merknader til Fagne AS sin konsesjonssøknad for Øyra transformatorstasjon**

Vedlegg:

Konsesjonssøknad Onarheim transformatorstasjon (Statnett)

Konsesjonssøknad Øyra transformatorstasjon (Fagne AS)

**Samandrag/Saka gjeld:**

Statnett og Fagne søker konsesjon for høvesvis Onarheim og Øyra transformatorstasjonar på Husnes. Frist for høringsinnspel er sett til 02.04.23.

**Saksutgreiing:**

Ny trafostasjon på Onarheim utgjer eit større inngrep, medan ny Øyra trafostasjon må reknast som eit mindre inngrep.

Behovet for betre forsyningstryggleik og tilrettelegging for auka forbruk, er likevel ikkje tvilsamt. I lys av Kvinnherad kommune sine eigne målsetjingar om etablering av nye arbeidsplassar, samt overgangen til eit netto nullutsleppsfunn i 2040, er naturinngrep som følgje av auka straumforbruk til dels ein uunngåeleg konsekvens. Samstundes er det avgjerande viktig at naturinngrepa i ei kvar sak blir avgrensa mest mogleg.

Kommunedirektøren vurderer at Statnett i løpet av prosessen som har vore fram til utarbeiding av konsesjonssøknaden, har gjort tilpassingar som tek i vare omsynet til natur- og lokalmiljø på ein akseptabel måte. Særleg vil Kommunedirektøren peika på omsøkt plassering av ny Onarheim transformatorstasjon som noko mindre problematisk enn opphavleg føreslått, og linjeføringa er dessutan justert for å koma i mindre konflikt med eksisterande bygg eller framtidige planar for Grøn næringspark.

Sjølv om den omsøkte linjeføringa mot Børtveit på Stord i stor grad erstattar eksisterande linje, kan dette likevel vera eit godt høve til å få lagt om delar av traseen av omsyn til lokalmiljøet. For Kvinnherad kommune ville det vore svært positivt om den delen av linja som i dag går i luftspenn over sundet (Forholmen–Bogsneshalvøya) ved innseglinga til Husnes båthamn, heller kan leggjast i sjøkabel. Her er det snakk om ei kortare strekkje, og ei omlegging vil ha stor verdi for lokalmiljøet.

Det er etter Kommunedirektøren si vurdering ikkje urimeleg å be om ei slik tilrettelegging for lokalsamfunnet, når lokalsamfunnet gjennom å vera positive til linjeforsterking, bidreg til å leggja til rette for storsamfunnet.

Kommunedirektøren vurderer at Øyra transformatorstasjon er eit mindre tiltak, og ser ikkje at det ligg føre særlege tilhøve her som tilseier at kommunen skal fremja merknader i høyringa.

**Økonomisk berekraft:**

Saka har etter det ein kan sjå ikkje direkte verknad for Kvinnherad kommune sin økonomi.

**Miljø og klima berekraft:**

Saka er eit klassisk døme på at tilrettelegging for det grønne skiftet kan gå på kostnad av naturverdiar og lokalmiljø. Kommunedirektøren meiner søkjarane har teke omsyn til dette på ein akseptabel måte, men vil understreka at vurdering av sjøkabel Forholmen–Bogsneshalvøya er sterkt ønskjeleg.

**Sosial berekraft:**

Saka kan ha til dels negative verknader for sosial berekraft, i dei tilfella nytt tiltak vil medføra negative konsekvensar for menneske og bumiljø i nærområdet. Dette er nærmare omtala i konsesjonssøknaden for Onarheim transformatorstasjon. Dei negative verknadane må likevel seiast å vera avgrensa. God forsyningstryggleik og nok tilgang til kraft kan på den andre sida vega positivt med omsyn til sosial berekraft.

**Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid**

Saka har etter Kommunedirektøren si vurdering vore konfliktfull, særleg i tidleg fase. Dette er viktig at alle involverte partar tek lærdom av. I seinare tid, og med tilpassingane som er gjort, meiner Kommunedirektøren at saka kom inn på eit betre spor etter kvart, og at dei omsøkte løysingane er resultat av eit samarbeid. Det er likevel naudsynt å streka under behovet for eit godt samarbeid i det vidare, særleg med omsyn til grunneigarar og kommunen sine merknader i saka.

**Konklusjon**

Går fram av innstillinga.